

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: fredag 24. januar 2020 10:59
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 4/2020, 24. JANUAR

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 4/2020, 24. JANUAR

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no.

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

9 LEDIGE STIPENDIASTILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

I februar og mars er det søknadsfrist på inntil 9 stipendiatstillingar ved Høgskulen i Volda. Inntil 4 stipendiatstillinga er opne medan dei 5 andre er meir fagleg spissa inn mot lærarutdanning, nordisk språkvitskap, nynorskopplæring og leiing. Aktuelle søkarar blir oppmoda til å ta kontakt med forskingsadministrasjonen ved høgskulen, eller direkte med fagmiljø eller forskingsgrupper.

[Forskningsgrupper ved Høgskulen i Volda.](#)

[Alle ledige stillingar ved Høgskulen i Volda.](#)

VILLPARKERING: MANGE HAR FÅTT BØTER I DET SISTE

Høgskulen har fått melding frå politiet om at det vert parkert utanom oppmerka parkeringsplassar på høgskuleområdet. Politiet har skrevet ut fleire bøter i januar for denne type feilparkering. Slik feilparkering vil kunne hindre nødetatar i å kome fram og skape farlege situasjonar. Det hindrar også renovasjonsbilane i å nå fram dit dei skal. Høgskulen oppmodar på det sterkaste om at alle parkerer innanfor dei oppmerka parkeringsplassane på høgskuleområdet. Vi oppmodar også dei som kan gå, sykle eller samkøyre til Høgskulen i Volda, om å gjere det.

NASJONAL KONFERANSE I PPU I VOLDA 9. OG 10. MARS

Det blir arrangert nasjonal konferanse i PPU ved Høgskulen i Volda 9. og 10. mars. Heile eller delar av programmet på denne konferansen kan truleg vere interessant for fleire som er opptekne av lærarutdanning. [Her er meir informasjon om konferansen.](#)

NY PROFESSOR I PEDAGOGIKK

Øyvind Økland er nytilsett professor i pedagogikk ved Institutt for sosialfag, ASH. Han tok til i stillinga 1. januar 2020. Økland kjem frå stilling som professor i pedagogikk ved NLA Høgskolen Gimlekollen i Kristiansand. [Øklands nettside på Gimlekollen.](#)

GAUTE HAREIDE HAR VORTE FØRSTELEKTOR

Gaute Hareide, AMF, har vorte tilkjent kompetanse som førstelektor i praktisk dokumentarfoto. Hareide har bakgrunn blant anna som fotografmeister, han har drive eige film/video-firma og har dei siste åra arbeid som fotolærer ved Avdeling for mediefag.

[Gaute Hareides nettside.](#)

PUBLISERING: MARIE SØRBØ OM OMSETTING

Marie Nedregotten Sørbø, [‘Austen and Shakespeare Translated’](#), i boka *Jane Austen and William Shakespeare: A Love Affair in Literature, Film and Performance*, Palgrave Macmillan, 2019.

PÅMINNING: STØTTE TIL FORSKINGSGRUPPER: SØKNADSRIST 24. JANUAR

Fungerande forskingssjef Ola Teige har lyst ut midlar til støtte til forskingsgrupper for 2020. Søknadsfristen er 24. januar, og det er forskingsadministrasjonen som tildeler midlane ut frå kriterier sett av Forskningsutvalet. Støtte til

forskningsgrupper er ei ny ordning som kom i 2019 og unyttta midlar i forskningsgruppene vert vanlegvis trekte tilbake og ikkje overført til året etter.

[Les meir om støtte til forskningsgrupper.](#)

[Her er forskningsgruppene på HVO.](#)

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020

[Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved HVO.](#)

[Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre](#)

30.1.2020: [Fagdag geriatri.](#)

12.2.2020: [Internasjonal dag.](#)

21.2.2020: Disputas, [Anne Randi Fagerlid Festøy](#), Høgskolen i Innlandet

27.2.2020: HMS-dag.

5.3.2020: Styremøte 1/2020

9.-10.3.2020: [Nasjonalt PPU-konferanse: "Lærarkvalifisering for framtida"](#)

19.-20.3.2020: Nasjonalt nettverk for rettleiing av nyutdanna lærarar, samling på HVO

24.-25.3.2020: Avdelingsseminar AMF

26.-27.3.2020: Avdelingsseminar ASH

14.-15.4.2020: Avdelingsseminar AKF

20.-22.4.2020: [It's Volda](#), internasjonal studentkonferanse

23.4.2020: Styremøte 2/2020

28.-29.4.2020: NOKUT-tilsyn, institusjonsbesøk

11.6.2020: Styremøte 3/2020

18.-19.6.2020: [Fjordkonferansen 2020](#)

18.8.2020: Studiestart, studieåret 2020-2021

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[Alle blogginnlegg](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset: Minutt-for-minutt-bilde](#)